



Arkivnr: 2014/276-1
Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.01.2014
Fylkesutvalet		30.01.2014
Fylkestinget		11.03.2014

Handlingsprogram 2014, Regional plan for museum 2011-2015

Samandrag

Handlingsprogrammet for Regional Plan for museum 2011-2015 skal rullerast årleg. Museumsplanen har til saman 46 tiltak, som er utarbeidd i nært samarbeid med musea og andre sentrale aktørar. Ni av desse har status som prioriterte tiltak.

I samband med rullering av handlingsprogrammet for 2013 signaliserte fylkesrådmannen ynskje om at talet på tiltak vart redusert, og at ein gjekk nærare inn på kva som er akseptable og realistiske mål i planperioden (sak 7/13 i Fylkestinget).

I handlingsprogrammet for 2014 er talet på tiltak føreslått redusert frå 46 til 36. Reduksjonen har samanheng med følgjande tilhøve:

1. Tiltak er slått saman. Dette skuldast at dei er til dels samanfallande eller kan sjåast i samanheng
2. Tiltak har fått museumsplanmidlar i 2012 og/eller 2013, slik at tiltaket er gjennomført
3. Tiltaket er ikkje klar for realisering i løpet av planperioden

Til oppfølging av museumsplanen i 2014 er det løyvd 2,1 mill. kroner. I tillegg kjem 600 000 kroner til kommunal medverknad. Handlingsprogrammet for 2014 fører vidare satsingane frå handlingsprogrammet 2013 med fokus på samlingsforvaltning, regionale ansvarsmuseum, finansiering. For fleire tiltak er gjennomføringsperioden forlenga. Museumssektoren har store utfordringar, og det er såleis viktig at museumsplanen vert følgt opp med midlar.

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet for 2014, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2014, 2,1 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjon. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak for vedtak i Kultur- og ressursutvalet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.01.2014

Regional plan for museum 2011-2015 har som eit overordna mål at musea skal delta i samfunnsdebatten og vere synlege samfunnsaktørar. Fylkeskommunen skal i sterkare grad nytte musea som tydelege partnerar i den regionale utviklinga. Satsinga er knytt til dei ni konsoliderte musea i fylket: *Baroniet Rosendal, Bergens Sjøfartsmuseum, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, KODE-Kunstmuseene i Bergen, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Sunnhordland museum.*

Museumsplanen skal rullerast kvart år, og vert ved slutten av planperioden avløyst av regional kulturplan. Arbeidet med kulturplanen starta opp i 2012, og vil innebere ei vurdering av tiltak og mål i museumsplanen, i prosessen med å leggje til rette for eit betre og meir samordna kulturminnevern i Hordaland.

I samband med rulleringa i 2013 uttrykte fylkesrådmannen ønskje om at tiltaksdelen vart redusert, og at det vart sagt noko om kva som er realistiske og akseptable mål i planperioden (sak 7/13 i Fylkestinget).

Ein vil såleis foreslå ein reduksjon i talet på tiltak frå 46 til 36. Ein slik reduksjon vert også sett i samanheng med kva som er realistiske mål i planperioden. I tillegg er gjennomføringsperioden for fleire tiltak forlenga. Til oppfølging av museumsplanen er det løyvd 2,1 millionar kroner. I tillegg kjem 600 000 kroner til kommunal medverknad, det vil seie utbygging av bygningsvernstenesta ved de regionale ansvarsmusea. Saka har ”Statusrapport for handlingsprogram 2013” og ”Handlingsprogrammet for 2014” som vedlegg. I handlingsprogrammet er museumsplanmidlane fordelt på tiltak, medan fordeling på institusjon vert å kome attende til i eiga sak i Kultur- og ressursutvalet før sommaren.

Realistiske mål i planperioden

Hovudinndelinga i museumsplanen er etter musea sine kjerneområde – fornying, forvaltning, forskning og formidling, slik dei også vert presenterte i den statlege museumsmeldinga *Framtidas museum*. Det enkelte kjerneområde er inndelt i underområde med eit eller fleire delmål. Museumsplanen har ni prioriterte tiltak:

Finansiering – drift og investeringar

Styrking av regionale ansvarsmuseum

Styrking av tematisk ansvarsmuseum

Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern

Etablering av hardingfelesenter

Etablering av senter for industriarkiv og industrihistorie i Odda

Felles plan for samlingsforvaltinga

Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea

Musea i samfunnsdebatten

For 2012 og 2013 er det løyvd til saman 6 millionar kroner til oppfølging av museumsplanen, inkludert ekstraløyving på 2 millionar kroner frå Fylkestinget juni 2013. Tabellen under viser løyvingar til dei ni prioriterte tiltaka i 2012 og 2013:

Prioriterte tiltak	Grunngjeving	Løyving	Om løyvinga
<i>Tiltak 1 Finansiering - drift og investeringar</i>	Musea har store utfordringar med omsyn til drifts- og investeringsmidlar	3 mill. kr.	Sikringstiltak (klimate, tjuveri og brann), 600 000 kr Utgreiing om forprosjekt museumsbygg Sunnhordland museum, 250 000 kr Ekstraløyving frå Fylkestinget juni 2013 til utstillingar, 2 mill. kr Norges Fiskerimuseum, 150 000 kr til utstilling
<i>Tiltak 5 Styrking av regionale ansvarsmuseum</i>	Fem av dei ni konsoliderte musea har status som regionale ansvarsmuseum. Dette inneber mellom anna rådgjevingsrolle i høve kommunar og frivillige	175 000 kr	Prosessar knytte til kommunar og frivillige.
<i>Tiltak 8 Styrking av tematisk ansvarsmuseum</i>	Tre av dei konsoliderte musea har status som tematisk ansvarsmuseum	350 000 kr	To av musea har så langt fått midlar til utgreiing av rolla som tematisk ansvarsmuseum
<i>Tiltak 14 Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern</i>	Styrkje samarbeidet musea, kommunar og frivillige	1,2 mill. kr Løyvinga er i tillegg til museumsplanmidlane	Sunnhordland museum og Museum Vest har fått delfinansiert bygningsvernkonsulentar over to år.
<i>Tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning</i>	Samlingane er basis for musea si verksemd. Det er viktig å skaffe oversikt og koordinere innhald og omfang	350 000 kr 900 000 kr	Trinn 1 i utgreiing om felles samlingsforvaltingsplan. Thermo Lignum-kammer
<i>Tiltak 34 Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea</i>	Forsking er ei av hovudoppgåvene til musea. Ein må styrkje samarbeidet med universitet og høgskular	50 000 kr	Planlegging og gjennomføring av workshop om temaet våren 2014
<i>Tiltak 42 Musea i samfunnsdebatten</i>	Musea skal verte synlege samfunnsaktørar	250 000 kr	Formidlingstiltak/ satsing på temaet offentlege tenester
<i>Tiltak 20 Etablering av industriarkiv og industrihistorie i Odda</i>		100 000 kr	Til etablering av senteret
<i>Tiltak 36 Etablering av Hardingfelesenter</i>		300 000 kr	Til hovudprosjektet
<i>Til saman til dei prioriterte tiltaka (av totalt 6 mill. kr)</i>		5 475 000 kr	

Oversikten viser at meir enn 90 prosent av museumsplanmidlane har gått til dei prioriterte tiltaka. Tiltak 20, *Etablering av senter for industriarkiv og industrihistorie*, er gjennomført. Tiltak 8, *Styrking av tematisk ansvarsmuseum*, vert avslutta med museumsplanmidlar i 2014. Tiltak 1, *Finansiering*, har fokusert på sikringstiltak og utstillingar, og såleis løfta desse viktige områda for musea. Tiltak 34, *Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea*, kjem i fokus i 2014 med workshop. Diskusjonar her vil gi retning for prosessen vidare. Tiltak 32, *Felles plan for samlingsforvaltning*, vil krevje ressursar i heile planperioden.

I tillegg har museumsplanen fire prioriterte tema: *Kystkultur, industri, immateriell kulturarv og kunst*. Tildeling av museumsplanmidlar og KUP-midlar (Kulturelt utviklingsprogram) i 2013 til prioriterte tema er vist i tabellen under:

Kystkultur	Industri	Kunst	Immateriell kulturarv
250 000 kr til basisutstilling MF Folgefonn, Hardanger og Voss museum	150 000 kr til NVIM til styrking av tematisk ansvarsmuseum	100 000 kr til KODE, forvaltning kunstnarheimar	300 000 kr til hovudprosjekt Hardingfelesenter, Hardanger og Voss museum
75 000 kr til utstillinga «Øygarden i 50», Museum Vest	100 000 kr til NVIM til skiltprosjekt, smelteverket	500 000 kr til basisutstilling, KODE	850 000 kr til etablering av basisutstilling Olav H. Hauge-senteret, KUP-midlar til saman for perioden 2011-2013.
200 000 kr til utstillinga «Båtar og skip i Sunnhordland – tradisjon og nyttenking», Sunnhordland museum	50 000 kr til Sunnhordland museum sitt ansvar for maritim industrihistorie		100 000 kr til utstilling om sjømannskyrkja, Bergens Sjøfartsmuseum

Handlingsprogrammet for 2014 fører vidare satsinga på dei prioriterte tiltaka. Ei slik satsing vil auke gjennomslagskrafta for museumsplanen. Prioritert i 2014 er såleis tiltak *1 Finansiering*, *tiltak 5 Regionale ansvarsmuseum* og *tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning*. Under tiltak 1 går museumsplanmidlar til sikringstiltak og utstillingar. Under tiltak 5 må dei regionale ansvarsmusea utarbeide gode samarbeidsmodellar med frivillig sektor og kommunar, og musea må ha ressursar til problemstillingar/tiltak knytt til private samlingar/museum. Tiltak 32, *Felles plan for samlingsforvaltning*, er eit prioritert fellesprosjekt for dei konsoliderte musea.

Reduksjon i talet på tiltak

Museumsplanen hadde i utgangspunktet 46 tiltak. I handlingsprogrammet for 2014 er talet redusert til 36. Reduksjonen skuldast tre tilhøve:

1. Tiltak er slått saman. Dette har samanheng med at dei er samanfalande i tematikk eller kan sjåast i samanheng
2. Tiltak har fått museumsplanmidlar i 2012 og/eller 2013, slik at det er gjennomført
3. Tiltaket er ikkje klar for realisering i løpet av planperioden. Arbeidet med felles samlingsforvaltingsplan er eit prioritert tiltak. Det vil såleis vere for omfattande å gå i gang med for mange større fellesutgreiingar i inneverande planperiode.

Ein slik reduksjon vil gjere det mogleg å kanalisere museumsplansatsinga i større grad. Samstundes vert fleire av tiltaka som ikkje er klar for realisering i planperioden ein del av diskusjonen i arbeidet med den nye kulturplanen. Tabellen under viser forslag til tiltak som går ut av handlingsprogrammet for 2014, med grunngjeving:

Tiltak	Grunngjeving
Tiltak 3: Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolideringar	I planen står det at det ikkje ligg føre planar for konsolidering i inneverande planperiode. Problemstillinga vert ein del av det pågåande arbeidet med Kulturplanen.
Tiltak 7: Styrking av Hordaland fylkeskommune si rolle overfor musea	Frå november 2012 har Hordaland fylkeskommune fast spesialrådgjevar med musea som arbeidsfelt. Tiltaket er gjennomført.
Tiltak 15: Utviding og utvikling av Bevaringstenestene	Tiltaket er slått saman med tiltak 32: Utarbeiding av felles plan for samlingsforvaltinga. Dette er eit prioritert tiltak i museumsplanen.
Tiltak 16: Utgreiing av nye fellestenester for bevaring og konservering av større gjenstandar	Det vert for omfattande med fleire større utgreiingar i planperioden knytt til samlingsforvalting. Ei utgreiing om større gjenstandar vert ikkje sett i gang i planperioden. Problemstillinga vert ein del av det pågåande arbeidet med Kulturplanen.
Tiltak 20: Senter for industriarkiv og industrihistorie i Odda	Dette er eit av ni prioriterte tiltak i Museumsplanen. Tiltaket har fått museumsplanmidlar i 2012. Drifta starta opp i november 2013. Tiltaket er gjennomført.
Tiltak 22: Ordning og registrering av museumsbiblioteka	Dette arbeidet har ikkje starta opp og vert ikkje prioritert i planperioden. Problemstillinga vert ein del av det pågåande arbeidet med Kulturplanen.
Tiltak 25: Oppretting av eit nasjonalt jordskiftesenter	Tiltaket er ikkje prioritert frå Hardanger og Voss museum si side. Det vert ikkje arbeidd med i planperioden frå fylkeskommunen si side. Problemstillinga vert ein del av det pågåande arbeidet med Kulturplanen.
Tiltak 31: Utgreiing av nye fellestenester for IKT	Problemstillinga vert teken opp igjen i det pågåande arbeidet med Kulturplanen.
Tiltak 33: Plan for forskning og kunnskapsutvikling	Musea skal prioritere forskning og kunnskapsutvikling. Tiltaket vert ein del av tiltak 34: Forskingssamarbeid med Universitetet i Bergen. Dette er eit prioritert tiltak i museumsplanen.
Tiltak 43: Fellestenester for publikumsutvikling	Tiltaket vert ikkje prioritert i planperioden. Problemstillinga vert ein del av det pågåande arbeidet med Kulturplanen.